

Referat informasjonsmøte Holtermandsvegen – 24.10.2018 kl. 17:00 – 17:50

Til stades: Harry Finseth – Meland kommune
Marius Flemmen Knudsen – Meland kommune
Kristin Moe – Meland kommune
Stine Erstad – COWI
Susanne Lie Toft – COWI

Grunneigarane i Holtermandsvegen

Prosjektleiar Harry Finseth informerte om status på prosjektet.

Fortsatt usikkert når oppstart vil vere, då ein ikkje har kome heilt i mål med prosjekteringa.

Dei eigedomane som blir rørte av overvassanlegget vil få tilsendt forslag til avtale når prosjekteringa er ferdig.

Innspel frå grunneigarane:

Er bekkeinntak lenger opp på myra mogeleg? COWI vil sjekke opp i dette.

Skeptisk til at det skal bli skråning på veg. Uroleg for at ny veg kan gjere det vanskeleg å kome ut av eigen eigedom med campingvogn og liknande. COWI vil ta omsyn til dette i prosjekteringa.

Ved flaum i Holtermandsvegen er det eigedomane på gbnr. 23/447, 23/439 og 23/500 som får størst problem med vatn. Mogeleg å sette ned rist mellom eigedomane?

Det blei stilt spørsmål om asfaltering av eigen eigedom. Asfaltering av eigen eigedom må avtalast med kommunen, slik at det ikkje blir asfaltert i feil høgde.

Parkeringsmogelegheiter under anleggsarbeidet? Det kom forslag til mogelege alternativ: Folkehøgskulen og parkeringsplassane utanfor bassenget. Ved bassenget er det også mogelegheit for lading av el-bil. Kommunen vil ha dialog med grunneigarane under prosjektet, slik at ein saman kan løyse parkeringsutfordringane under anleggsperioden.

Det blei etterspurd skisser. Kommunen vil sende ut skisser når dei er klare.